

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELT KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR 2008

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest

<b>Prosjektnamn</b> KOR – Klient og resultatstyrt praksis
<b>HF/avdeling/eining ansvarleg for prosjektet</b> Helse Bergen, Voss sjukehus, Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk
<b>Kontaktperson/prosjektleder</b> Klinisk sosionom/MSA Tor Fjeldstad
<b>Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt</b> Vi ønskjer å innføre sterkare brukarmedverknad i klinisk praksis. Ei slik endring er ofte krevjande for organisasjonar, og vi vil registrere organisatoriske prosesser og korleis prosjektet påverkar terapeutane sine opplevingar av arbeidskvardagen.
<b>Formål med prosjektet / forbetningsmål</b> Prosjektet er tosidig. <ol style="list-style-type: none"><li>1. Gjennom å implementere bruk av KOR-skalaene - <i>Skala for endringsvurdering (ORS/CORS)</i> og <i>Skala for samtalevurdering (SRS/CSRS)</i> for registrering av progresjon og terapeutisk allianse for alle klientar tek vi sikte på styrke poliklinikken sitt arbeid med brukarmedverknad og styrke kvalitet og produktivitet i arbeidet. Skalaene og samtalemotodikken knytt til desse vil bidra til at terapeutane får meir systematisk tilbakemelding frå klientane. Slik tilbakemelding vil i fylgje forskingslitteraturen kunne bidra til å oppfylle krava i <i>Veileder for poliklinikker i Psykisk helsevern for barn og unge</i>. Det er og sterk evidens for at slik tilbakemelding også bidreg til betre terapeutisk resultat og meir individuelt tilpassa behandlingsformer og behandlingstid.</li><li>2. Det er andre formålet med prosjektet å registrere korleis innføringa av KOR-skalaene vil påverka terapeutane og organisasjonen.</li></ol>
<b>Metodisk tilnærming / evaluering av effekt</b> Innføring av Skala for endringsvurdering (ORS/CORS) og Skala for samtalevurdering (SRS/CSRS) som standard tilbod til alle pasientar. Implementeringa vil skje gjennom intern opplæring, rettleiing og dagleg oppfølging frå prosjektleder og poliklinikkleder. Vi vil evaluere prosjektet gjennom intervju, spørjeskjema og analyser av statistiske data som vert fortløpande registrert i det pasientadministrative systemet (Bupdata).
<b>Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen</b> Prosjektet vil kunne generere kunnskap om korleis implementering av sterkare brukarmedverknad generelt og KOR-skalaene spesielt, påverkar terapeutar og kliniske organisasjonar.